



Molde på skeiva

ÅRSMØTE 2019, MOLDE PÅ SKEIVA

Onsdag 29.januar 2020

Rød bare Blå, Molde

SAKSLISTE:

Opning

1. Godkjenning av innkalling

2. Godkjenning av dagsorden

3. Val av ordstyrar

4. Val av referent

5. Styrets utgreiing 2019

6. Rekneskap

7. Innkome føreslag

8. Aktivitetsplan 2020

9. Budsjett 2020

10. Val av nestleiar

11. Val av økonomiansvarleg

12. Val av styremedlem

Opning

Leder av Molde på Skeiva, Cathrin del Rio Honningsvåg, opnar årsmøtet på vegne av styret.

1. Godkjenning av innkalling

Innkalling blei annonsert på facebook 19. januar 2020

2. Godkjenning av dagsorden

Dagsorden er som følger: Konstituering, styrets utgreiing, rekneskap 2019, innkomne forslag, budsjett 2020, aktivitetsplan 2020, val av nestleiar, val av økonomiansvarlig

3. Val av ordstyrar

4. Val av referent

Einar Holen Helseth føreslås som referent

5. Styrets utgreiing 2019

Onsdagstreff

Onsdagstreffa er ein av hovudaktivitetane til Molde på Skeiva. Vi har gjennom heile 2019 fortsatt med treff kvar siste onsdag i månaden på Rød bare Blå, bortsett frå i juli då det som vanlig var Jazzen på Skeiva og i desember då det var Romjula på Skeiva.

Treffa har vore godt besøkt og vi i styret er særst nøgd med at mange sett pris på tilbodet vårt og kjem gong etter gong på onsdagstreff. På dei fleste treffa i løpet av 2019 har det vore mellom 10-20 personer innom. Vi håper at treffa i 2020 blir minst like bra besøkt!

Grand Prix-festen

GP-festen i år gikk av stabelen 18.5.19 på Kafè Kurt kl. 19:30.

Det blei seld 164 billetter, der 7 av desse var fribilletter til betalande medlemmer. Vi fikk 7 nye medlemmer gjennom billettsalet. Billetter ble seld i døra helt fram til kl. 10:30, i tillegg til på Teatret Vårt sine sider i forkant. Det å ha billettør i døra er gull verdt. Hun sjekka billetter og vi hjelpte henne med å feste på band. Det å ha henne i luka, forenkla jobben betraktelig for oss. Det var innleidd vakt (frå Teatret Vårt sin side) noe som er en nødvendighet på dette arrangementet.

Vi var 10 stk. i pyntekomiteen, og det var nødvendig for å få alt ferdig. Det er en god del som skal på plass, så viktig med så mange i pyntekomiteen. I år fekk vi pynte i kafèen sjølv om det var opent både der og på kunstnersentret. Dette fungerte helt fint. Vi tok omsyn til gjester.

Nytt av året var det store, rosa ESC-skiltet vi satt i portalen i trappa. Et fantastisk tilskot til den allereie bra «stæsj-parken» vår. Vi brukte ca. kr 3.000,- på MGP-festen i år.

Arrangementet ble promotert bra på Facebook, noe som var viktig for å komme opp i dette talet med gjester. Budstikka hadde reportasje om oss i forkant og etter arrangementet. Artikkelen i etterkant var langt mindre enn i fjor og skuffende. Dette må vi jobbe med å forbedre i 2020.

I tillegg til Budstikka, var det intervju med Torunn på NRK Møre og Romsdal og også på 1FM dagane før arrangementet.

Alle de faste innslaga hadde vi med i år også. Kahoot er kome for å bli og det var ein like stor suksess som før. Vi brukte ikkje pausen til Kahoot i år, fordi Madonna skulle ha pauseshowet. Det var diverre så dårlig at slikt tar vi ikkje omsyn til igjen. Det var kåringar som Kveldens mest fargerike og Årets GP'er. Alltid like populært. Gevinstar var diplom og hula-hula band rundt halsen.

Billetter blei forhandsseld over Billettportalen via Teatret Vårt. Gratisbillett for betalende medlemmer, vanlig billett til kr 100,- og medlemskap og billett i eit til kr 200,-.

Vi var en god gjeng som var igjen og rydda. Det er nødvendig med 3-4 personer, så går det raskt. Vi måtte også ta med alt av stæsj på kvelden, sidan det skulle være arrangement der dagen etter. Mange stilte opp her og det håper eg vi får til neste år også :)

Teatret Vårt ønsker fortsatt å huse dette arrangementet, så neste år er det på'n igjen.

Innflytterdagen

Laurdag 7. september ble Innflytterdagen arrangert i Molde.

Vi fikk stand rett utanfor Rød bare Blå noe som funkete svært godt mht. publikum.

Vi møttes kl. 9 for å rigge. Vi var 6 personer, noe som var helt nødvendig for å bli ferdig. Vi brukte Bjørns telt på 4x3 meter, noe som var helt utmerket. Vi brukte MPS-banneret i front og ESC-skiltet inne i teltet. Bjørn, Cathrin, Einar, Håvard og Ole Peter hadde for anledninga laget en dør i regnbogens fargar, noe som ble en hit på standen vår. Det var mange som kom og ville «komme ut av skapet». Vi hadde også pom-pom'er i rosa og en del balls til pynt, samt at vi hadde et bord, noe som er helt nødvendig. Stoler tok Torunn med og det er godt å kunne sette seg i løpet av dagen.

Alt i alt en flott Innflytterdag med godt med besøk på standen og mange interesserte menneske.

Torunn var konferansier for Innflytterdagen i tillegg til å ha halvegs ansvar for NRK TV-aksjonen sin stand, så det ble litt springin fram og tilbake.

Vi fikk tid på 1fm og bra omtale der fleire gonger ila. dagen.

Hurtigruta på Skeiva

Laurdag 12.oktober 2019 var det planlagt at vi skulle arrangere Hurtigruta på Skeiva. Det var Cathrin som var ansvarlig for arrangementet og det var planlagt å ta rutebuss frå Molde til Kristiansund, for å deretter å ta Hurtigruta frå Kristiansund til Molde før vi endte kvelden med fest på Røde Kors-huset. Dessverre døde bestemora til Cathrin rett før og då resten av styret var vekkrest/opptatt var det ingen som kunne overta ansvaret for arrangementet. Då det var få påmeldte beslutta styret å avlyse Hurtigruta på Skeiva. Då dette er eit tilbod som mange sett pris på, så vi har ambisjonar om at dette skal være eit av arrangementa vi tilbyr igjen i 2020.

Halloween på Skeiva

Laurdag 26.oktober 2019 hadde vi Halloweenfest. Denne blei arrangert på Røde Kors-huset i Molde. Dette er tredje året vi har arrangert Halloween på Skeiva. Etter suksessen det første året, har det dei to siste åra vore eit meir labert oppmøte. Det er likevel tydelig at den yngre halvdelen av MPS set pris på arrangementet og eg har tru på at det kan bidra til at fleire unge får augene opp for MPS. Tykkjer også at det er eit fint alternativ til dei som ikkje tykkjer at onsdagstreffa fell helt i smak.

Molde på Skeiva Ung

I 2019 har Molde på Skeiva Ung har hatt treff kvar siste tysdag i månaden utanom i skuleferiar. Cathrin og Patrick har vore ansvarlige for MPSU og etter sommaren kom også Håvard inn som medansvarlig.

Vårhalvåret forsatte vi med å ha faste treff på Bergmo Ungdomsskule. Det viste seg at det var litt begrensande for kva aktivitetar vi kunne finne på. Etter sommaren bestemte vi derfor at vi tar eit treff/ein måned der vi har ein aktivitet som t.d. bowling, kino etc. og neste måned/treff møtes vi på Frivilligsentralen. Dette for at vi kan variere meir i tilbodet, samtidig så vil annankvart treff være i trygge omgivnader i eit avgrensa lokale slik at dei som ikkje tørr å være ute i det offentlige rom også kan kome på treff. Vi bestemte oss for å bytte frå Bergmo Ungdomsskule til Frivilligsentralen som fast møteplass, då Frivilligsentralen ligg meir sentrumsnært.

Det har kome fleire på treff etter at vi fekk eit meir variert aktivitetstilbod. Og har no vi fått etablert ein fast gjeng med 8.klassingar som kjem kvar gong, i tillegg til nokon andre på andre ungdomstrinn og nokon frå vgs. Ungdomane kjem frå dei forskjellige skulane i Molde, samt frå ungdomsskulane på Aukra. Det varierer kor mange som møter opp, men det har brukt å vore mellom 3-8 stk per treff.

Det blir litt større utgifter når vi skal delta på div. aktivitetar, men denne løysinga har fungert godt i haust og MPSU ønsker å fortsette å organisere tysdagstreffa på denne måten framover.

Promotering av treff skjer via MPS sin facebook side, MPSU sin lukka facebookgruppe og plakatar som blir hengt opp på skular og div. oppslagstavler i Molde, Fræna og Aukra.

Seksualundervising

Uke 6 kører ungdomsskulane i Aukra, Aukra og Julsundet, seksualundervisning. Også i år blei vi i MPS førespurd å ha undervisning i temaa «kjønn, identitet og seksualitet» av helsesøstrene i Aukra kommune. Nytt for i år var at dei ønska ikkje berre skulle ha undervisning på Aukra Ungdomsskule, men også på Julsundet Ungdomsskule. Helsesøstrene og lærarane hadde fått mange gode tilbakemeldingar frå elevane i 2018 og tykte dette var eit positivt tiltak.

Torsdag 7.februar hadde Cathrin undervisning for 8.klasse ved Aukra ungdomsskule. Då heile ungdomsskuletrinnet fekk undervisning i 2018, trengte berre dei nye ungdomsskuleelevane/8.klassingane undervisning i år. Det blei brukt same powerpoint presentasjon som i 2018, men oppdatert ein del med meir aktuell informasjon.

Fredag 8.februar hadde Cathrin undervisning med kvar enkelt klasse på Julsundet ungdomsskule. Då det var første året vi var der «måtte» alle trinna igjennom undervisninga i år. Brukte same powerpoint presentasjon som blei brukt ved Aukra ungdomsskule.

Det har vore stor suksess at det har stått ein boks i klasseromma i veka før MPS har undervisning slik at elevane kan kome med anonyme spørsmål.

Tilbakemeldingane har vore veldig bra også i år og helsesøstrene ønsker oss tilbake i 2020.

Media

MPS har ikkje vore så eksponert i media i år, men har fått vist oss fram nokon gongar i Budstikka og 1FM.

I forkant av Grand prix festen var Torunn på 1FM. Og Budstikka hadde ein artikkel i etterkant.

Så var det ein også ein sak i Budstikka då vi danna Pridekomite for Molde Pride 2020.

På innflyttardagen vart Cathrin intervjuet av 1FM.

MPS blei også nemnd i samanheng med reportasjane om Kim og Torunn i Budstikka.

I 2020 reknar vi med meir eksponering då vi skal sørge for å få promotere Molde Pride 2020 godt.

10årsjubileum og Molde Pride 2020

Rett før sommaren 2019 hadde vi første pridekomitemøte. Med i komiteen er:

Cathrin del Rio Honningsvåg(leiar), Einar Holen Helseth(økonomiansvarleg), Kim Thoresen-Vestre(medieansvarlig), Britt Janne Tennøy(paradeansvarlig), Torunn Haldorsen, Eilen Amundsgård, Sidsel Rykhus, Saga Elisabet Lövröm, Villemo Susanne Ødegård og Håvard Bævre Ellingsgård.

I etterkant har Einar Holen Helseth trekt seg frå komiteen, då han dessverre ikkje lenger hadde mogelegheit til å fortsette.

Arbeidet har gått litt i rykk og napp for mange i komiteen har mange forskjellige verv og har til tider hatt veldig mykje å gjere på. Var ei utfordring å finne datoar som kunne passe for

møter etc. Så det måtte vi løyse med å heller gå over til å ta mesteparten av kommunikasjonen via nett/messenger.

Mykje av programmet er på plass og vi har booka fleire artistar og underhalderar. Samt er mykje av logistikken mtp. Paraden allereie i boks.

Størsteparten av arbeidet framover er å få tak i midlar til å få dekkja utgiftene. Har vore i kontakt med både næringslivet og kommunane i Molde og omegn. Har fått inn ein del pengar og har også fleire møter framover, så vi er positive til at budsjettet skal gå opp! Det står igjen mykje arbeid til vi når målet vårt, men det er ein driftig gjeng, så Molde Pride 2020 ser ut til å bli ei fantastisk feiring for 10-årsjubilanten MPS!

Utanom å få inn nok midler er det mest prekære å få ein ny på plass til å ta over som økonomiansvarlig. Ønsket er at vi finner nokon kvalifiserte til vervet i MPS, som kan halde styr på både økonomien til MPS og Molde Pride 2020 då MPS er arrangør.

Medlemsoversikt

På grunn av mangel på rapport for billettsalet for Grand Prix frå «Teatret Vårt»medlemstalet litt usikkert, men så langt er 22 medlemmer for 2019 registrert. Ein litan nedgang frå 2018.

Ungdomsmedlemskap har vore planlagt sidan oppstarten av MPSU, men pga. stor variasjon i faste deltakerar har vi ikkje byrja med betalande medlemskap per dags dato.

6. Rekneskap

Regnskap 2019 sammendrag

Molde på skeiva

28.01.2020

Beskrivelse	Inntekt	Kostnad	Resultat	Budsjettert	Avvik
Medlemmer					
Medlemskontingent	kr 3 800,00		kr 3 800,00	kr 6 000,00	-kr 2 200,00
Arrangementer					
MGP fest	kr 16 400,00	kr 8 490,04	kr 7 909,96	kr 7 000,00	kr 909,96
Innflytterdagen		kr 4 226,88	-kr 4 226,88	-kr 1 500,00	-kr 2 726,88
Hurtigruta			kr -	-kr 3 000,00	kr 3 000,00
Halloween		kr 649,35	-kr 649,35	-kr 1 000,00	kr 350,65
Andre aktiviteter					
MPS Ung		kr 3 721,29	-kr 3 721,29	-kr 7 000,00	kr 3 278,71
Undervisning			kr -	-kr 500,00	kr 500,00
Teater	kr 960,00	kr 1 200,00	-kr 240,00		-kr 240,00
Diverse					
Tilskudd			kr -	kr 10 000,00	-kr 10 000,00
Driftkostnader (nettside, tjenester, diverse)		kr 948,40	-kr 948,40	-kr 1 500,00	kr 551,60
Bankkostnad	kr 50,00	kr 898,05	-kr 848,05	-kr 800,00	-kr 48,05
Grasrotandel	kr 6 414,70		kr 6 414,70	kr 8 500,00	-kr 2 085,30
Utstyr, investeringer			kr -	-kr 5 000,00	kr 5 000,00
Sum	kr 27 624,70	kr 20 134,01	kr 7 490,69	kr 11 200,00	-kr 3 709,31

Økonomisk oppsummering for 2019

Molde på Skeiva er en relativt liten organisasjon og har per i dag ingen krav om innsending eller revidering av regnskap. Siden vi har et lavt antall transaksjoner og bilag føres det derfor et forenklet regnskap uten tradisjonell kontering. Dette er en oppsummering av regnskapet for 2019.

Se «Regnskap 2019» for regnskapstallene.

Vi endte opp på 24 medlemmer i år (pluss evt medlemskap kjøpt under MGP i gammelt billettsystem), og fikk en mindre inntekt på dette enn budsjettet.

- Inngående saldo 2019: kr 48 226,26 hvorav
 - o 47 345,41 i bank (-1619,15 som tilhører 2018 regnskap)
 - o 2 500,00 kontant
- Utgående saldo 2019: kr 55 716,95 hvorav
 - o 27 715,95 i bank
 - o 3000,00 kontant
 - o 25 001,00 utlånt til Pride

2019 gir et overskudd på kr **7 490,69** kr

I 2020 bør det være større fokus på tilskuddsordninger og å øke antall medlemmer.

7. Inntømte føreslag

8. Aktivitetsplan 2020

I 2020 vil vi fortsette med onsdagstreff kvar siste onsdag i månaden på «Rød bare Blå», bortsett frå i juli og desember der vi vil ha «Jazzen på Skeiva» og «Romjula på Skeiva».

Vi vil ønske å gjennomføre det som etter kvart har blitt faste arrangement:

- Grand Prix-fest
- Innflytterdagen
- Hurtigruta på Skeiva
- Halloween på Skeiva

Molde Pride 2020 er det nye, som også kjem til å være det største arrangementet til MPS i 2020!

Utanom det vil MPSU ha tysdagstreff kvar siste tysdag i månaden utanom feriar. Samt at vi er i samtaler med helsesøtrene på Aukra mtp. Seksualundervisning.

9. Budsjett 2020

Budsjett 2020

Molde på skeiva

28.01.2020

Beskrivelse	Inntekt	Kostnad	Resultat
<u>Medlemmer</u>			
Medlemskontingent	kr 6 000,00	kr -	kr 6 000,00
<u>Arrangementer</u>			
MGP fest	kr 15 000,00	kr 7 000,00	kr 8 000,00
Innflytterdagen		kr 3 000,00	-kr 3 000,00
Hurtigruta		kr 3 000,00	-kr 3 000,00
Halloween		kr 1 000,00	-kr 1 000,00
<u>Andre aktiviteter</u>			
MPS Ung		kr 5 000,00	-kr 5 000,00
Undervisning / annen oppsøkende virksomhet		kr 500,00	-kr 500,00
<u>Diverse</u>			
Tilskudd	kr 5 000,00		kr 5 000,00
Driftkostnader (nettside, tjenester, diverse)		kr 1 500,00	-kr 1 500,00
Bank/Finanskostnad		kr 900,00	-kr 900,00
Grasrotandel	kr 7 000,00		kr 7 000,00
Utstyr, investeringer		kr 5 000,00	-kr 5 000,00
Sum	kr 33 000,00	kr 26 900,00	kr 6 100,00

Kommentarer til budsjettet

Budsjettet er basert på de faste aktivitetene til MPS, noe justert basert på erfaringene fra 2019, men totalt sett ganske likt. Vi håper å øke medlemstallet og vi satser fortsatt på å skaffe tilskudd til aktiviteter og prosjekter, særlig MPS ung. I år vil Pride ha mest fokus når det kommer til tilskudd, så her har vi budsjettet mindre i MPS sitt regnskap. Vi har totalt sett budsjettet med overskudd.

10. Val av nestleiar

Torunn Haldorsen står på val og ønsker ikkje å fortsette i styret. Torunn ønsker heller å være ein ressurs for MPS utanfor styret.

Styret har foreslått Eilen Amundsgård som nestleiar. Eilen er styremedlem per dags dato, dermed opner det opp for ein plass til eit nytt styremedlem.

11. Val av økonomiansvarleg

12. Val av styremedlem

Då Eilen Amundsgård er foreslått som ny nestleiar opnar det opp for eit nytt styremedlem. Styret har foreslått Einar Støle Morstøl.